



Arkivnr: 2016/4713-3
Saksbehandlar: Jomar Ragnhildstveit

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		14.09.2016

Høyringsuttale - Ny forskrift om jakt- og fangsttider 2017-2022

Samandrag

Miljødirektoratet har sendt på høyring ny forskrift om jakt- og fangsttider 2017-2022. Det er ikkje sett behov for omfattande endringar ved denne revideringa. I alt er det føreslått endringar i jakttid for 12 artar i Hordaland. For elg er det høyrte på kort eller lang jakttid. Fylkesrådmannen føreslår lang jakttid på elg (25.09.-23.12.), for mest fleksibilitet i jakta og samanfall med hjortejakta. Det vert føreslått å ikkje opne for jakt på svarttrost og måltrost. Dei andre høyringsforslaga vert føreslått støtta.

I tillegg til eigne vurderingar, er fylkeskommunen bedt om å oppsummere svara frå kommunane. I Hordaland har berre Odda kommune svart. Kommunen går inn for kort jakttid på elg, og går imot opning av jakt på svarttrost og måltrost, mens dei andre høyringsforslaga er støtta.

Forslag til vedtak

Hordaland fylkeskommune støttar dei føreslåtte endringane i forskrift om jakt- og fangsttider, med følgjande alternativ og unntak: Det vert gått inn for lang jakttid på elg (alternativ 2). Det vert gått imot opning av jakt på svarttrost og måltrost.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Høyringsuttale frå Odda kommune
Lenkje til Miljødirektoratet si høyringsside: <http://bit.ly/2bqZ5re>

Fylkesrådmannen, 29.08.2016

Bakgrunn for saka

Miljødirektoratet sendte 28.04.2016 på høyring *Forskrift om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for perioden 1. april 2017 - 31. mars 2022*. I høyringsbrevet er kommunane bedt om å sende sine svar til fylkeskommunen innan 1. juli. Fylkeskommunen er bedt om å oppsummere svara frå kommunane og sende desse, samt eigne vurderingar innan 1. september.

Jakttidene er eit viktig verkemiddel i forvaltninga av viltressursane og ein viktig del av friluftslivstradisjonen. Før utarbeidinga av høyringsdokumentet fekk fylkesmenn, fylkeskommunar og sentrale organisasjonar høve til å gje innspel. Miljødirektoratet har framskaffa faggrunnlag, både rapporten «Statusoversikt for jaktbart småvilt», gjennomgang av data knytt til hjortevilt (hjorteviltregisteret) og gallupen «Holdninger til jakt og jakttider». Det er link til desse på Miljødirektoratet si høyringsside (<http://bit.ly/2bqZ5re>).

Behandling i fylkeskommunen

I innspelsfasen la fylkeskommunen til rette for at kommunane ved viltforvaltarane kunne melde frå om eventuelle behov for endringar i jakttidsforskrifta, eller ha eit møte om temaet. Det vart ikkje meldt frå om spesielle behov og fylkeskommunen gav ikkje innspel.

Høyringa vart teken opp som eit tema på eit dialogmøte med viltforvaltarar i kommunane 24. mai, der dei fleste kommunane var representert. Heller ikkje der kom det fram spesielle ønskje om endringar i jakttidsforskrifta.

Høyringsfristen er 1. september. Saksframlegget vert sendt innan høyringsfristen, og vedtaket i KIRU vert ettersendt.

Føreslåtte jakttidsendringar

Ifølgje høyringsnotatet har det kome få ønskje om jakttidsendringar. Dei føreslåtte endringane vedkomande Hordaland er vist forenkla i tabell 1, og er i hovudsak basert på endra bestandsforhold.

Tabell 1. Oversikt over føreslåtte jakttidsendringar som vedkjem Hordaland.

Art	Noverande	Forslag	Merknad
Elg	10.9.–15.11.	Alternativ 1: 25.9.–31.10. Alternativ 2: 25.9.–23.12.	Fylkeskommunen kan endre Fylkeskommunen kan endre
Lirype og fjellrype	10.9.–28.2./29.2. Snarefangst: 1.11.–28.2./29.2.	10.9.–23.12. Snarefangst 1.11.–23.12.	Snarefangst er tillate i kommunane: Odda, Eidfjord, Voss, Vaksdal og Kvam
Grågås	10.8.–23.12.	10.8.–23.12.	Fylkesmannen kan endre
Kortnebbgås	10.8.–23.12.	1.9.–15.11.	
Havelle	10.9.–23.12.	Ikkje jakt	
Storskarv	1.10.–30.11.	1.10.–30.11. Ferskvasslokalitetar: 10.8.–23.12.	Døgnkvote: 2 storskarv per jeger
Gråmåse og svartbak	21.8.–28.2./29.2.	Ikkje jakt	
Svarttrost og måltrost	Ikkje jakt	10.8.–23.12.	
Vaskebjørn	Ikkje jakt	1.4.–31.3.	

Oppsummering av høyringssvar frå kommunane

Det er berre motteke svar frå Odda kommune, og det ser ikkje ut for at andre kommunar har lagt inn svar direkte på Miljødirektoratet si høyringsside.

Odda kommune - Saka vart behandla i Utviklingskomiteen 8. juni, sjå vedlagt saksframlegg og vedtak.

Kommunen stør forslaget til endringar i jakt- og fangsttider.

Elg: Kommunen ønskjer kort jakttid på elg (alternativ 1).

Rype: Kommunen ønskjer å avslutte vinterjakt på rype.

Svarttrost og måltrost: Kommunen går imot å opne for jakt på desse artane.

I saksframlegget er det gått inn for kort jakttid på elg (alternativ 1) fordi elgstamma i Odda er avgrensa og jaktuttaket forsiktig.

Nærare om høyringsforslaga og fylkesrådmannen sine vurderingar

Hjort

Ifølgje høyringsnotatet har det vore lite fokus på jakttida på hjort etter at den vart utvida ved siste jaktidsrevisjon til 01.09. - 23.12. i heile landet for kommunar som har opna for hjortejakt. Jakttida er difor ikkje føreslått endra, men forskriftsteksten er føreslått endra, så fylkeskommunen ikkje kan gje utvida jakt på hjort i januar. Data frå Hjorteviltregisteret viser at det nesten ikkje vert felt hjort i januar. Forslaget er òg basert på at ein ønskjer meir einskaplege jakttider og meir omsyn til andre utmarksbrukarar. Det kan òg argumenterast for at det er lite ønskeleg å byggje opp forventningar og tradisjon for jakt på hjort i januar då hjorten i deler av landet då opplever betydeleg kulde og næringsstress. Ifølgje høyringsnotatet seier ni av ti av både utmarksbrukarar og jegerar at den lange jakttida for hjort har vore uproblematisk. Dette kan kanskje kan ha samanheng med at innmarksjakt utgjør ein vesentleg del av jaktuttaket.

Vurdering

Så langt, sidan 2010, har fylkeskommunen ikkje motteke søknad om utvida jakttid på hjort i januar. Det synest ikkje å vere behov for at fylkeskommunen kan gje utvida jakt på hjort i januar.

Elg

Det er høyrte på jakttid som startar 25.09., og enten varer til 31.10. (Alternativ 1 – kort jakttid) eller 23.12. (Alternativ 2 – lang jakttid). Ved alternativ 1 er det føreslått at fylkeskommunen kan utvide jakttida på elg til 30.11. eller 23.12., og endre startdato for jakt på elg og/eller hjort til 05.10. Ved alternativ 2 er det føreslått at fylkeskommunen kan innskrenke jakttida på elg/hjort i forkant til 05.10, og i bakkant til 31.10. eller 30.11. Begge alternativ har like ytre rammer om ein tek med at fylkeskommunane kan vedta utviding eller innskrenking av jakttida.

Jakttid for elg i dei tradisjonelle hjortefylka Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland er i dag 10.09. - 15.11. Den samsvarer med jakttida på hjort slik den var før 2012. I desse fire fylka vert det felt lite elg. I dag kan fleire fylker enn desse fire reknast som hjortefylker ut frå fellingsstatistikk og utbreiing. Til dømes har det dei siste åra blitt felt fleire hjort enn elg i Sør-Trøndelag. Det er ikkje lenger like relevant å skilje ut «hjortefylke» eller hjortekommunar». Direktoratet føreslår difor at tradisjonelle hjortefylke får den same jakttida på elg som resten av landet.

Vurdering

I Hordaland er det berre opna for jakt på elg i kommunane Voss, Granvin, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Odda og Etne. Sidan det likevel kan drivast hjortejakt i desse hjortekommunane fram t.o.m. 23.12., vert det føreslått at jakttida for elg varer like lenge. Eit argument for lang hjortejakt var at det gav betre tid til å kunne ta ut dei «rette» dyra. Lengre jakttid på elg kan kanskje vere med på å gje lågare jakttrykk over tid, som kanskje kan opplevast betre for alle brukarar av utmarka. I hjortefylket Hordaland synest det mest naturleg å harmonisere jaktslutt for elg med jaktslutt for hjort. Det vert følgjeleg føreslått lang jakttid på elg (alternativ 2).

Lirype og fjellrype

Rype er blant dei viktigaste jaktobjekta for jegerane. Både lirype og fjellrype har hamna i kategorien NT – nær truga i den siste raudlistevurderinga frå 2015. Bakgrunnen er stor bestandsnedgang. Fjellrype er i tillegg ein ansvarsart for Norge, med opptil 50 % av europeisk bestand.

Jakt åleine er ikkje rekna som den største årsaka til bestandsnedgangen for rype, sjølv om jakt og predasjon er hovudårsak til dei årlege dødstala hos ung- og vaksenfugl. Eit tilbakevendande tema er kor vidt det skal vere høve til å jakte ryper om vinteren, noko som i stor grad vil gå ut over dei individa som har størst sjanse for å vere ein del av hekkebestanden påfølgjande vår. Direktoratet meiner at jaktuttaket på vinteren kan kome i tillegg til naturleg vinterdødelegheit og forsterke denne og gje reduserte hekkebestandar. Det er utan betydning for bestanden om dette uttaket skjer via jakt eller fangst. Den tradisjonelle snarefangsten har i dag liten eller ingen betydning i næringsmessig samanheng, men er ein kulturberande tradisjon fleire stader. I eit bestandsmessig perspektiv må vidareføring av slike tradisjonar vegast opp mot behovet for tiltak for ei langsiktig bevaring av enkelte artar. Sjølv om Miljødirektoratet framleis har tillit til at jegerar og rettshavarar ønskjer å ta eit ansvar for ei langsiktig og berekraftig forvaltning av lirype og fjellrype, ønsker direktoratet å høyre på innkorting av jakttida for rype til 10.09.-23.12, og snarefangst i dei kommunane det er tillate 01.11.-23.12.

Vurdering

Fylkesrådmannen føreslår å støtte høyringsforslaget ut frå argumentasjonen i høyringsnotatet, og at ingen kommunar i fylket har gått imot høyringsforslaget.

Gråmåse og svartbak

Grunna bestandsnedgang for gråmåse og svartbak både i Barentshavet, Nordsjøen og Skagerrak og uviss, men truleg negativ bestandssituasjon i Norskehavet, er det føreslått å ta desse artane ut av lista over jaktbare artar i perioden 2017-2022. Norsk bestand av svartbak utgjer 36 % av den europeiske bestanden og den er difor norsk ansvarsart. Den europeiske bestanden utgjer kun 120 000 par.

Vurdering

På bakgrunn av Miljødirektoratet sin argumentasjon om bestandsnedgang føreslår fylkesrådmannen å støtte høyringsforslaget om å ta ut desse stormåseartane som jaktbare artar i komande jakttidsperiode.

Svarttrost og måltrost

Begge desse småfuglartane har stabile bestandar i Norge. Dei vert felt i betydeleg omfang med heimel i skadefellingsforskrifta, der artane gjer skade av vesentlig økonomisk betydning på hus, hage og ulik landbruksproduksjon. På bakgrunn av sterke og stabile bestander av desse artane høyrer direktoratet på å opne for jakt på artane.

Vurdering

Svarttrost og måltrost er folkekjære sangfuglar som det ikkje er etablert jakttradisjon på, utan at dét har hatt noko med bestandsmessige forhold å gjere. Jegerar og deira organisasjonar treng legitimitet i samfunnet. Fylkesrådmannen viser blant anna til høyringsuttalen til Norges Jeger- og Fiskerforbund (sentralt), der det står at innspela frå fylkeslaga har vore delte når det gjeld forslaget, men at NJFF ut frå ei totalvurdering meiner at det ikkje er føremålstenleg å ta svarttrost og måltrost inn på lista over jaktbare artar no. Fylkesrådmannen ser det heller ikkje som føremålstenleg å opne for jakt på desse artane no.

Dei andre høyringsforslaga

Ut frå argumentasjonen i høyringsnotatet vert det føreslått å støtte dei andre høyringsforslaga.

Oppsummering

Fylkesrådmannen føreslår lang jakttid på elg i Hordaland (Alternativ 2), ut frå større fleksibilitet ved lengre jakttid og betre samanfall med hjortejakta.

Fylkesrådmannen ser det ikkje som føremålstenleg å opne for jakt på måltrost og svarttrost.

Fylkesrådmannen føreslår å støtte dei andre høyringsforslaga.

Ut frå at det berre er éin kommune i Hordaland som har svart på høyringa, kan det sjå ut for at dei fleste kommunane i fylket støttar dei føreslåtte endringane i jakttidsforskrifta.